



Helse- og  
omsorgsdepartementet

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. desember 2022

**Driftskreditt og retningliner for leiarløn**

HELSE  VEST

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Torsdag 15. desember 2022 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma
- Sak 4 Retningsliner for leiarløn

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

I tillegg møtte:

Avdelingsdirektør Kai Furberg  
Avdelingsdirektør Astri Knapstad  
Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad  
Seniorrådgjevar Rune Pedersen  
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

### **Frå styret møte**

Styreleiar Agnes Landstad  
Nestleiar Olin Johanne Henden  
Gunnar Berge  
Oddvar Kaarbøe  
Solfrid Borge  
Tord Anton Haaland  
Wenche Kristin Røkenes  
Marie Skontorp

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Ekspedisjonssjef Målfird Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen, og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Agnes Landstad og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum vart valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 19 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Her er det foreslått å auke ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 800 mill. kroner, frå 13 205 mill. kroner til 14 005 mill. kroner ved utgangen av 2022. Det auka likviditetsbehovet skuldast at pensjonspremiane i 2022 er 800 mill. kroner høgare enn tidlegare forutsett grunna endra G-regulering og lønnsoppgjøret for 2022. Den auka ramma for driftskreditt som følgje av dette vert fordelt mellom regionane etter ordinær fordelingsnøkkel.

Helse Vest RHF sin del av auka driftskredittramme grunna høgare pensjonspremiar utgjør 153 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2022 justert opp frå 2 656 mill. kroner til 2 809 mill. kroner ved utgangen av 2021.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert auka med 153 mill. kroner frå 2 656 mill. kroner til 2 809 mill. kroner ved utgangen av 2022.*

## Sak 4 Retningslinjer for leiarløn, jf. vedtektene § 16 a

Med bakgrunn i endra regler om leiarløn i allmennaksjelova, og at Nærings- og fiskeridepartementet fastsette nye retningslinjer for leiarløn i selskap med statleg eigardel, vart vedtektene i dei regionale helseføretaka endra i føretaksmøtet 10. januar 2022.

I tråd med vedtektene skal Helse Vest RHF følgje allmennaksjelova § 6-16a *Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper* og § 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper*, samt *Forskrift om*

---

*retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer.* Retningslinjer i tråd med asal § 6-16a og forskrifta skal leggjast fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Frå og med 2023 skal retningslinjene leggjast fram saman med lønsrapport i føretaksmøtet der årsrekneskapet vert behandla.

Helse Vest RHF har styrebehandla retningslinjer for leiarløn og sendt dei over for behandling i føretaksmøtet.

Føretaksmøtet viste for øvrig til at Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett oppdaterte «*Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med direkte statlig eierandel*» med virkning frå 12. desember 2022. Dei erstattar retningslinjene fastsett 30. april 2021. Dei regionale helseføretaka sine retningslinjer må reviderast i tråd med dette og bli lagt fram for godkjenning i føretaksmøtet i juni 2023.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Retningslinjer for løn og anna godtgjering til leiande tilsette vert godkjent.*

Møtet vart heva kl. 11.10.

Oslo, 15. desember 2022

Målfrid Bjærum

Agnes Landstad

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar*